

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 25/2009**

av 17. mars 2009

om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla ”avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg I til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 60/2008 av 6. juni 2009(¹).
- 2) Kommisjonsdirektiv 2008/62/EU av 20. juni 2008 om visse unntak for godkjenning av landsortar av jordbruksvekstrar og andre sortar som er naturleg tilpassa dei lokale og regionale tilhøva og trua av genetisk erosjon, og for av frø og setjepoteter av slike landsortar og andre sortar(²) skal takast inn i avtala.
- 3) Kommisjonsdirektiv 2008/83/EU av 13. august 2008 om endring av direktiv 2003/91/EU om fastsettjing av gjennomføringstiltak for artikkel 7 i rådsdirektiv 2002/55/EU med omsyn til kva eigenskapar som minst skal omfattast av og kva minstekrav som skal gjelde for gransking av visse sortar av grønsakartar(³) skal takast inn i avtala.
- 4) Kommisjonsvedtak 2008/462/EU av 16. juni 2008 om fritak for Bulgaria, Slovakia og Det sameinte kongeriket for visse krav om å nytte rådsdirektiv 66/401/EØF med omsyn til *Galega orientalis* Lam.(⁴) skal takast inn i avtala
- 5) Denne avgjerdha gjeld ikkje for Liechtenstein –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I vedlegg I kapittel III til avtala vert det gjort følgjande endringar:

(¹) TEU L 257 av 25.9.2008, s. 19, og EØS-tillegget til TEU nr. 58 av 25.9.2008, s. 1.

(²) TEU L 162 av 21.6.2008, s. 13.

(³) TEU L 219 av 14.8.2008, s. 55.

(⁴) TEU L 160 av 19.6.2008, s. 33.

1. I del 1 nr. 15 (kommisjonsdirektiv 2003/91/EU) skal nytt strekpunkt lyde:

”– **32008 L 0083**: Kommisjonsdirektiv 2008/83/EU av 13. august 2008 (EUT L 219 av 14.8.2008, s. 55).”
2. I del 2 etter nr. 51 (kommisjonsbeslutning 2007/853/EU) skal nytt nr. 52 lyde:

”52. **32008 L 0062**: Kommisjonsdirektiv 2008/62/EU av 20. juni 2008 om visse unntak for godkjenning av landsortar av jordbruksvekstrar og andre sortar som er naturleg tilpassa dei lokale og regionale tilhøva og trua av genetisk erosjon, og for av frø og setjepoteter av slike landsortar og andre sortar (EUT L 162 av 21.6.2008, s. 13).”
3. Under overskrifta ”*RETTSAKTER SOM EFTA-STATENE OG EFTAs OVER-VÅKNINGSORGAN SKAL TA TILBØRLIG HENSYN TIL*” etter nr. 77 (kommisjonsvedtak 2007/321/EU) skal nytt nr. 78 lyde:

”78. **32008 D 0462**: Kommisjonsvedtak 2008/462/EU av 16. juni 2008 om fritak for Bulgaria, Slovakia og Det sameinte kongeriket for visse krav om å nytte rådsdirektiv 66/401/EØF med omsyn til *Galega orientalis* Lam. (EUT L 160 av 19.6.2008, s. 33).”

Artikkkel 2

Teksta til direktiv 2008/62/EU og 2008/83/EU samt vedtak 2008/462/EU på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 18. mars 2009, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkkel 103 nr. 1 i avtala(*)).

Artikkkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utferda i Brussel, 17. mars 2009.

For EØS-komiteen

Alan Seatter

(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.

Formann